



Grasdal skule 23.04.20

Til elevar og føresette ved Grasdal skule 1.-4.trinn

INFORMASJON VED OPNING AV SKULEN 27.APRIL 2020

No gledar vi oss til å ta imot elevane i 1.-4.trinn. De har allereide fått viktig og generell informasjon frå tenesteleiar skule og oppvekstsjef i Alver kommune i eige brev.

Dette gjer vi for å sikre ein forsvarleg og trygg start:

- **Ingen elevar eller tilsette skal komme på skulen dersom dei er sjuke.**
- Foreldre skal ikkje fylgje med inn på skulen
- Vi lærer elevane gode rutinar for handvask
- Vi hugsar å hoste i albogen
- Vi brukar våtserviettar og alkoholbasert desinfeksjon når vi er ute og på tur
- Vi organiserer elevane i mindre grupper
- Vi er mykje ute, både i undervisinga og på SFO
- Vi unngår store samlingar, også i garderoben
- Vi sørgjer for at elevane har fast plass med god avstand
- Vi har gode rutinar for måltid
- Vi hjelper borna å halde avstand i friminutta
- Vi passar på at borna ikkje deler nettbrett, og vi reingjer dei etter bruk

For kvart av punkta over har leiinga laga detaljerte planar som elevane og dei tilsette må fylgje. Dette er fulgt opp etter sjekklister i [Smittevernveileder for barneskolen](#). Planane og sjekklister kan vera tilgjengelege dersom de ønske det. Vi heng oppslag synleg for elevar og tilsette til påminning og hjelp. Vi får ekstra reinhald frå reinhaldspersonar etter eigen plan i kommunen.

Elevane på kvart trinn er delt i 3 kohortar, og 4 kohortar på 2.trinn. På kvart trinn samarbeider kohortane i friminutt og på uteskule/tur. Vi er allikevel innanfor tilråding i veileidar med omsyn til tal på elevar. Kohortane innad på trinn skal så langt som råd leike adskilt ute, og vera på adskilte rom inne. Kvar elevgruppe får

- sin faste tilsette. Assistentar får veiledning av kontaktlærer.
- sitt faste klasserom, og vi brukar alle rom på skulen.
- Fast inngong og garderobeplass med avstand i mellom elevane
- Faste leikekassar med inneleikar og uteleikar som blir vaska kvar dag
- Fast uteleik-område på skuleplassen og turområde etter ein fast plan som rullerer.
- Tildelt tid til friminutt



SFO: Dei same elevane skal vera saman i gruppe på sfo med fast assistent. Henting på sfo til fast tid. Då er barna ute. Dersom de hentar før, må de ringe sfo-telefonen, slik at dei tilsette kan sende barna ut.

Elevane må ha med :

- mat i matboks og drikkeflaske med drikke.
- Eige penal med skrivesaker , blyant, fargar, viskelær og blyantspissar
- Gode kler etter veret – vi skal vera mykje ute
- Skule-pc som de har lånt heim, alle skulebøker
- Melding i meldingsbok dersom barnet er plaga av kjent allergi no.

ØV GODT PÅ HANDVASKRUTINE HEIME – [RETT HANDVASK](#)

- **FØR DET RINGER MÅ ELEVANE VERA FLINKE TIL Å HALDE AVSTAND 1-2 M FRÅ KVARANDRE UTE. VI SKAL HA TILSYN UTE OM MORGONEN.**
- **Foreldre skal ikkje fylgje barna inn på skuleplassen. Tilsette som er ute kan hjelpe elevane.**
- **Bruk fråværstelefonen dersom eleven blir heime grunna sjukdom.**
- **Det er tilråding om å unngå kollektiv trafikk, og at elevane bør gå, sykle eller bli kjørt til skulen. Dei som bur nærast må gå og sykle! Vanleg rutebuss skal gå som før til og frå skulen. Reglar for avstand gjeld, og de må førebu elevane på å fylgje dei reglane . Sjå veilederen : "Ved bruk av skoleskyss, bør elevene sitte med minst et setes mellomrom. For eksempel kan det på en buss med 4 sitteplasser per rad, sitte to barn per rad med alternerende vindu/midtgang. Elevene må holde en meters avstand mens de venter på bussen/annet transportmiddel." **Vi organiserer i tilfelle bussvakt opp til busstoppet.****

Ta kontakt dersom du har spørsmål, med kontaktlærer, eller meg på epost irene.hystad.hugaas@alver.kommune.no

Vel møtt til skulen måndag 27.april! 😊

Venleg helsing Irene Hystad Hugaas, rektor